

## Fysisk aktivitet og rørsleglede er fokusområdet i april, mai og juni.

Fysisk aktivitet og rørsleglede er tema i rammeplanen for SFO, og er viktig året rundt. Men i april, mai og juni vil vi ha ekstra fokus på dette. Vi går på turar jamleg, og legg til rette for aktivitetar som fremmer og oppfordrar til fysisk aktivitet i uteleiken. SFO er borna si fritid og vi er svært opptekne av at elevane skal ha medverknad på kva for nokre aktivitetar dei vil delta på, og finne glede i dei aktivitetane dei vel. Likevel vil det vere nokre aktivitetar dei ikkje kan velje vekk, og som alle må vere med på. Gjennom fysisk aktivitet ønskjer vi å byggje gode relasjonar mellom vaksne og barn samt mellom barna. Mange gode vennskap har starta i fysisk leik og den felles rørsleglede.

Tema i rammeplanen	Utdrag av kva rammeplanen seier. ( <a href="#">Fullstendig utgåve</a> )	Korleis vi skal jobbe med dette på Kleppe SFO
Fysisk aktivitet og rørsleglede	<p><i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn.</i></p> <p><i>SFO bør leggje til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag. SFO kan vurdere korleis område i lokalmiljøet, til dømes skogholt, andre naturområde eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforskning og fysisk aktivitet.</i></p>	<p>Vi legg til rette for mykje fysisk aktivitet i utetida som f.eks fotball i ballbingen, stikkball, leik i skogen, og anna frileik på det fine uteområdet vårt. Vi nyttar gymsalen etter tur og tek elles i bruk nærområdet. (Skog, idrettsanlegg, leikeplassar mm). Elevane på 3. og 4. trinn har i tillegg tilbod om å delta på bading i Klepphallen kvar veke.</p> <p>Fokusområde i april, mai og juni</p>

